



Tannlege Kevin Bowling AS
Postboks 122
5903 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/283 - 18/18144

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
06.06.2018

Avvist søknad om samanslåing av kontor - gbnr 188/347 og 188/353 Gjervik Ytre

Administrativt vedtak. Saknr.286/18

Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 29.01.2018.
Saka gjeld søknad om samanslåing av kontorlokale.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4., Viser til vårt brev av 15.02.2018 med frist for innsending av tilleggsdokumentasjon. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

- **Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova § 20-3**
- **Betre teikningsmaterieil**
- **Samtykke frå Arbeidstilsynet**
- **Fullmakt frå alle eigarane av dei to eigedommane**

Då fristen for innsending av tilleggsdokumentasjon for lengst har gått ut, vurderer kommunen at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming, jf. plan- og bygningslova § 21-2 og sakshandsamingsforskrifta, SAK 10, § 5-4.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om samanslåing av kontorlokale avvist.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du legga ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tannlege Kevin Bowling AS

Postboks 122

5903

ISDALSTØ